

**Behovsoppgåve:**  
**Storstova Leiknes skule**

Namn	Type	Merknad
Storstova Leiknes skule	Fleirbrukshall med sosialt rom	Anleggsnr 12630001203

Anlegget blei planlagt	2014-2015
Anlegget søkte spelemidlar	Januar 2016
Anleggsarbeid blei igangsatt	Vår 2016
Anlegget blei fullført	
Spelemidlar utbetalt	

Leiknes skule er eit knutepunktsområde for skule og aktivitet for bygdane Leiknes og Hjelmås . Med barneskule i senterområdet er det naudsynt at det er tilgjengeleg ein god arena for folkehelseaktivitetar. Leiknes skule har i fleire år vore utan eigen gymsal grunna ombygging av skulen. Dette har vore frustrerande for skulen og for innbyggjarane i ei bygd som før ombygginga hadde mange aktivitetstilbod.


Ein fleirbrukshall vil bli nytta av skulane på dagtid, organisert og sjølvorganisert aktivitet på ettermiddag og kveldstid. Anlegget vil vere eit godt bidrag til aktivitet for publikum/deltakarar i samband med fritidsaktivitet, turneringar, idrettsarrangement, konsertar og forestillingar generelt.

Det er særst gledeleg at Bygdelaget 5915 har vore pådrivar for heile hallen, og har vore delaktig i prosessen undervegs. Dette gir laget og bygda eit «eigarskapsforhold» til hallen som gjev gode vekselverknader med kommunen i framtida.

Storleiken på hallen, med fokus på volleyballsporten, gir eit fint og kjærkomment tilskot til denne idretten i heile Lindås kommune – og gjerne utanfor kommunen. Det blir og viktig å tenkje «mini-formatar» av øvrige idrettsaktivitetar i hallen, både minihandball og minifotball vil bli aktuelt. Planløyisinga på bygget gjev kombinasjonar av aktivitet som verker fornuftig.

Prosjektet Storstova er tatt opp i Lindås Idrettsråd i fleire møte. Bygdelaget har orientert rådet og idrettskonsulent har halde informasjonen oppdatert.

Aktivitetsområdet Leiknes skule har frå før av ein grusbane, nokre leikeapparat og er utgangspunkt for flotte turløyper i nærområdet.



---

Per Ole Ekker  
Idrettskonsulent

Isdalstø  
28/10 – 2014

